



Helse Førde

Fråsegn til ny prehospital plan

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Vår region er igjen det området som skal tole ytterlegare svekking om ein legg til grunn framlegget til ny plan. Sidan 2008 har vi mista ambulansen i Aurland og Balestrand og båtambulansen i Bjordal på sørsida av Høyanger. I framlegget er dei strukturelle endringane for Sogn å flytte dagbilen i Luster til Sogndal, og fjerna døgnbilen i Lavik og erstatta bilen med flåtestyring (av ressursar blant anna frå Høyanger). Det er positivt at dagbilen i Lærdal vert utvida til å gjelde helg. Det samla bilete for Sogn er likevel at vår region kjem dårleg ut i høve andre regionar.

Sogn regionråd registrerer ein aukande bruk av brann- og redningspersonell i kommunane ved uttrykking. Fleire kommunar melder frå om stor auke i oppdrag. Brannmannskapa vert nytta til oppgåver dei ikkje er skulerte til, dei har korkje utstyr eller kompetanse til å utføre akutte helseoppdrag på ein forsvarleg måte. Sogn regionråd ser med uro på utviklinga med ei forskyving av oppgåver og utgifter frå spesialisthelsetenesta til kommunane.

Framlegg til prehospital plan viser til behovet for kostnadsreducerande tiltak, men vi saknar betre analyser av konsekvensen av desse tiltaka før avgjerd vert teke. Vidare etterlyser vi at det vert lagt inn evalueringar undervegs i planperioden.

Sogneregionen er vidstrakt, fjorden deler kommunar og det er lang avstand til sjukehus for store delar av regionen. Regionen får også mangedobla befolkningsgrunnlag i feriemånadane, noko som gjer at dagens beredskap er sårbar. Det er avgjerande at innbyggjarane opplever ei ambulanseteneste som nær og trygg. Krav om responstid for kommunane i Helse Førde sitt område vil gje innbyggjarane auka tryggleik til ambulansetenesta.

Sogn regionråd er svært uroa for dei delane av regionen som får redusert ambulansetilbod, og meiner dei strukturelle endringane i planframlegget vil svekke ambulansetilbodet for innbyggjarane i Sogn.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift